

**SCENE2**


Det Norske Teatret  
Rosenkrantzgt.11


Regi: Kjetil Bang-Hansen

Scenografi: Gunnar Alme

**albert  
camus**

**dei rett-  
ferdige**





«Det er ikkje nok å kritisere si eiga tid. Ein må gi henne ei form, ei framtid. Jamvel om det er framifrå å forsvare dei skapande verdiar, anten dei no kjem til uttrykk i arbeid eller i kunst, må kvar og ein av oss, kvar på sin plass, leggje enda meir vinn på å presisere deira innhald.»

5159 148473



## DEI RETTFERDIGE

I februar 1905 organiserte ei gruppe terroristar i Moskva eit bombeattentat mot storhertug Sergei, onkel av tsaren. Dette attentatet og dei forunderlege tilhøva både før og etter, er det «Dei rettferdige» handlar om. Kor uvanlege nokre av situasjonane i dette stykket enn kan verke, er dei i røynda historiske. Dette tyder ikkje – som ein finn prov for andre stader – at «Dei rettferdige» er eit historisk stykke. Alle personane mine har verkeleg eksistert og har handla som eg seier. Eg har berre prøvd å gjere sannsynlig det som allereie er sanning.

Eg vil likevel presisere:

1. At dette stykket si form ikkje må narre lesaren. Eg har lagt vinn på å skape dramatisk spenning ved hjelp av klassiske metodar, det vil seie stille personar som er like sterke både av krefter og evner opp mot kvarandre. Men det ville vere gale å trekkje den slutninga at alt var i balanse og at eg, når det gjeld det problemet eg skriv om, eggjar til passivitet. Alt eg ville, var å vise at handling i seg sjølv har sine grenser.

Nyttig og rettferdig er bedde den handlinga som vedkjenner seg desse grensene og som – om ein må krysse desse grensene – i det minste aksepterer døden. Vår verd viser oss idag eit fråstøytande andlet, nettopp av di ho er eit produkt av menneske som gjev seg sjølvve retten til å krysse desse grensene.

2. At eg ovundrar, og at eg elsker, mine to heltar: Kaliayev og Dora.

Eg har gitt hovudpersonen i «Dei rettferdige» det namnet han hadde i det verkelege livet, Kaliayev. Eg gjorde det ikkje av mangel på fantasi. Eg gjorde det i respekt og fagning for dei kvinner og menn som i den mest miskunnslause av alle oppgaver ikkje makta finne helsebot for hjarta sine. I mellomtida har vi gjort framskritt, sant nok, og hatet som tyngde desse sjeldsynte menneska som ei utølande lidning er blitt eit konfortabelt system. Eg ville dessutan mane fram desse vidstrekte skuggar, deira rettferdige revolt, deira umåtelege slit for å gjere seg fortrulege med mordet og såleis syne kvar vår ærlegdom er å finne.

ALBERT CAMUS

# albert camus

# dei rettferdige

omsetjing:

HALLDIS MOREN VESAAS

regi:

KJETIL BANG-HANSEN

scenografi:

GUNNAR ALME

## PERSONANE:

Dora Doulebov  
Ivan Kaliajev  
Stepan Fedorov  
Boris Annenkov  
Alexis Voinov  
Skouratov  
Storfyrstinna  
Foka  
Vaktmannen

ULRIKKE GREVE  
NILS OLE OFTEBRO  
OLE-JØRGEN NILSEN  
TORBJØRN HALVORSEN  
BJØRN SKAGESTAD  
JOHAN KJELSBERG  
BAB CHRISTENSEN  
ØYVIND ØYEN  
ERIK ØKSNES

Ein pause

---

inspisient:

ARNE SKOG

regiassistent:

HARALD HOAAS

rekvisitør:

EDWARD BARO/SIMEN REVOLD

sufflør:

GUNN WICKLUND

programredaksjon:

Svein Selvig

omsetjing:

Svein Selvig og Anne Lise Myklebust

foto:

Harald Medbøe

trykk:


Torres Trykkeri, Oslo

## ALBERT CAMUS

Albert Camus — Frankrikes store diktar-filosof ved sida av Jean Paul Sartre — var fødd i Alger i 1913, faren var fransk jordbruksarbeidar og mora kom frå Spania. Etter skolegang og filosofiske studiar byrja han som journalist, han hadde da freista seg både som kontorist og skodespelar. Frå 1940 slo han seg ned i Paris og kom med i den franske motstandsrørsla. Her fekk han med kvart ei leiande rolle og grunnla mellom anna bladet «Combat», som vart viktigaste organet for rørsla.

Sine første bøker, noveller og essays, gav han ut i Alger, og under krigen skreiv han romanane «L'Etranger» («Den fremmede», dramatisert og framført som hørespel i NRK), «La Peste» («Pesten») og «La Chute» («Fallet»), båe utjevne på norsk. Teatret fekk Camus tidleg interesse for, og etter romanane skreiv han tre drama, «Les Malentendus», «Caligula» (oppført på Oslo Nye Teater) og «Les Justes», som Det Norske Teatret no fører opp under tittelen «Dei rettferdige».

Mange har hevda at dette er hans mest personlege drama, og det gjeld i alle fall dramaet som uttrykk for Camus' grunn-tankar om liv og død. For å skjønne dette «offerdramaet» fullt ut, må ein kjenne litt



til den filosofi som Camus stod for, og som han særleg har forma ut i «Myten om Sisyfos» (på norsk i Cappelens upopulære) og «Oprøreren» (på dansk i Gyldendals Uglebøger).

Som Sartre bygde Camus sin «eksistensialisme» på Nietzsches dystre sannkjenning: «Gud er død». Men dersom ein gjev opp trua på ein allmechtig og allgod gud som styrer alt til det beste for menneska, så har denne skapningen teke på seg ansvaret for å vera sin eigen gud, og handle slik at han **skaper ei meining** i livet sitt og i tilværet i det heile. Ingen filosof — han vere så skarp i tanken han vere vil — har kunna slå fast kva denne meininga går ut på, sjølv om religionsstiftarar har gjeve sine truande tilhengjarar «patentløyningar» om frelsing frå det vonde og løn for moralsk reinlivnad i eit liv etter det jordiske. Vår tid, òg kalla «vitskapens tidsalder», har veikt eller utrydda alle gudemytar og truer som bryt med det vitskapen ikkje kan prove, eller held for truleg.


Det mennesket som har kraft og evne til å erkjenne at det såleis står aleine i tilværet, og berre kan lite på seg sjølv, blir stedd framfor to vilkår: Anten å seie nei til livet, og da velje sjølvmordet. Eller seie ja, og da leve eksistensielt, dvs. alltid handle sant og rettvist etter dei etiske lover og krav som den «moralske lov i deg» (Kant) dikterer, og som kulturmennesket har utvikla til norm, t.d. i det kristne «samvitet».

Slik kjem Camus' eksistensialisme attende til eit metafysisk utgangspunkt, som erkjenner at meininga med livet er diktert av ei makt, eller makter som står over, eller utanom, intellektet og den logiske tanken.

Camus har i sine drama freista klårleggje desse motsetnader i tilværet og i menneskehugen med å stille fram menneske og typar som står i valsituasjonar andsynes liv og død. Det gjeld særleg personane i «Dei rettferdige». Miljøet i dette dramaet er russisk og ein må tidfeste det til 1880–90-åra da dei russiske anarkistane dreiv planfast klappjakt på tsarar og andre høgtstående «sjølvherskarar» som anarkistane heldt for hjartelause umenneske som førte død og elende over tusentals

skuldlause menneske. I kapitlet «Den individuelle terror» i «L'Homme Révolté» har Camus gjeve ein karakteristikk av denne rørsla som Bjørnstjerne Bjørnson kalla «godheten som kaster med dynamitt», men som Camus ser på som tragisk villfaring diktert av ein romantisk-revolusjonær utopisme. Deira tru på dei absolutte moralske ideal fører etter Camus til at «Deira martyrium består i at dei frivillig påfører andre lidingar som gjør dei til slavar under deira eiga makt. For at mennesket skal bli Gud, må ofret nedverdige seg til å bli bøddel. Difor er offer og bøddel like fortvila...» Dette synet på terrorismen som politisk og moralsk villfaring, delte Camus med Dostojevskij, og siste dramatisk arbeid hans var ei dramatisering av romanen «De besatte», der den store rusaren gjekk til kvasse åtak på dei revolusjonære som ville «setja seg i Guds stad». Denne dramatiseringa vart oppført på Nationaltheatret i 1959. I 1957 fekk Albert Camus Nobelprisen i litteratur, og tre år seinare mista han livet i ei bilulykke.

Olav Dalgard



Denne artikkelen stod i tidsskriftet «Caliban» i mai 1950 og var Camus' svar – i brevform – på ein tekst skriven til ein scene frå «Dei rettferdige» trykt i same tidsskriftet.

## RETTFERDA SINE FARISEARAR

Problemet er ikkje om ein, som det heiter, kan drepe fangevaktaren dersom han har barn, for sjølv å sleppe ut av fengslet, men om det er føremålstenleg også å drepe barna til fangevaktaren for å setje alle fangar fri. Nyansen er slett ikkje så liten.

Vår tid svarar korkje ja eller nei. Jamvel om ho har løyst problemet, gjer ho som om det ikkje eksisterte, og det er meir makeleg. Det er ikkje eg som har reist problemet. Men eg har valt å gjenopplive menneske som har stilt seg sjøve dette spørsmålet, og eg har hjelpt dei i det eg utsletta meg sjølv attom dei eg respekterte.

Likevel er det innlysande at deira svar ikkje er: «Ein skal halde seg heime.» Det er:

1. Det må vere grenser. Barn er ei slik grense (det finst andre også);
2. Ein kan drepe fangevaktaren, i særlege tilfelle og i rettferda sitt namn;
3. Ein må akseptere å døy sjølv.

Men vår tids svar (som ganske visst er underforstått) er:

1. Det finst ingen grenser. Barna, javisst, men når alt kjem til alt . . .
2. Lat oss drepe alle, for alle si skuld, i rettferda sitt namn;
3. Men lat oss samstundes krevje å få Æreslegionen. Den kan kanskje vere til nytte.

Dei revolusjonære sosialistane i 1905 var ingen englar. Og deira krav om rettferd var på eit anna vis alvorleg enn det som i dag på eit nesten ubeskønt vis kjem til syne i alle litterære arbeid og i alle aviser. Men det var fordi dei hadde ein brennande kjærleik til rettferda at dei ikkje kunne bestemme seg for å bli bødlar. Dei hadde valt handling og terror for å tene rettferda, men dei hadde samstundes valt å døy, å



betale liv med liv, for at rettferda kunne overleve.

Det såkalla «moderne» resonnement fastslår kategorisk: «Ettersom de ikkje vil vere bødlar, er de englar,» og omvendt. Resonnementet er berre falskt. Kaliayev, Dora og kameratane deira tilbakeviser det falske – som dei gjorde det for 50 år sidan, og seier tvert om at det finst ei død rettferd, og ei rettferd som lever. Dessutan at rettferda døyr i same augneblinken som ho vert makeleg eller sluttar vere ein brann i hjartet og ein kamp mot seg sjølv.

Vi evnar ikkje sjå det, fordi den verda vi lever i er ei verd fylt til tregnsle av rettferdige. I 1905 var det berre ein handfull. Men fordi det dreidde seg om å døy og ein hadde bruk for apostlar, var dei ei sjeldsynt vare. I dag er det berre bruk for «helstar», og deira tal er legio. Men når ein les det ein er tvinga til å lese no for tida, når ein ser det merkantile og nedrig gruvekkjande andletet våre siste rettferdige syner fram – anten dei no er høgre- eller venstreorienterte – så kan ein ikkje la vere å tenkje at rettferda, liksom mis kunna, har sine farisearar.

Lykkelegvis finst det enno eit slag menneske, ein annan rase enn engelens og bøddelens eller den «moderne» bøddelengels! Nemleg den ætt av menneske som jamvel i dei mørkaste tider freistar bere intelligensen og rettferda sin fakkell høgt, og deira ry overlever både krigen og fangeleirane – som til gjengjeld ikkje overlever noko.

Dette biletet av mennesket vil sigre, på tross av alle solemerke. Like langt frå dårskapen til dei som ikkje ønskjer noko annleis, og uforstanden til dei som ønskjer at alt skal vere som det burde vere, står dei som verkeleg vil noko, og som er innstilte på å betale prisen som krevst; dei åleine vil nå sine mål.

Albert Camus (1950)


## DEI KJENSLEVARE MORDARANE

1878 var det året da den russiske terrorismen vart til. Ei ganske ung jente, Vera Sassulitsj, skaut general Trepov, St. Petersburgs guvernør, den 24. januar like etter ein prosess mot 193 populistar. Ho vart frikjend for klagemåla og slapp sidan unna tsarens politi. Dette revolverskotet utløyste ein stormflod av represalier og attentat som gjensidig har eit forhold til kvarandre som årsak og verknad og som – det var tydeleg frå starten av – berre utmatting kunne stoppe.

Same året gjorde eit medlem av «Folkeviljen», Kravtjinskij, terroren til program i sin pamflett «Liv for liv». Konsekvensane følger prinsippa. I Europa vart keisaren av Tyskland, kongen av Italia og kongen av Spania offer for attentat. Framleis i året 1878 skaper Aleksander II med Okrana'en statsterrorismen sitt mest effektive våpen. Snart etter kulminerer mordbølga i det 19. hundreåret; både i Russland og den vestlege verda. I 1879 eit nytt attentat mot kongen av Spania og eit mislykka attentat mot tsaren. I 1881 myrdar terroristane i «Folkeviljen» tsaren. Sofia Perovskaja, Jeljabov og kameratane deira vert hengde. I 1883 attentat mot den tyske keisaren; morda-



ren vert avretta med øks. I 1887 avretting av Chicago-martyrane og dei spanske anarkistane sin kongress i Valencia; dei gir følgjande terroristiske åtvaring: «Om samfunnet ikkje gir etter, må det vonde og brotsverket gå under, om vi så skal gå under sjølve.» Nittiåra markerer i Frankrike kulminasjonen av det ein kalla handlinga sin propaganda. Ravachols, Vaillants og Henrys handlingar dannar forspelet til mordet på Carnot. Berre i året 1893 kunne ein rekne opp meir enn 1000 dynamitt-attentat i Europa, og nær ved 500 i Amerika. I 1898 mordet på keisarinnne Elisabeth av Østerrike. I 1901 mordet på den amerikanske presidenten MacKinley. I Russland held attentata mot mindre framstående personar fram; «Kamporganisasjonen» som høyrer under det revolusjonære sosialistiske partiet, oppstår i 1903 og samlar alle dei mest framifrå personar i den russiske terrorismen. Sasonovs mord på Plehve og Kaliayevs på storhertug Sergei i 1905 vert kulminasjonen på desse 30 åra med blodige apostelgjerningar og avsluttar martyrane sin tidsalder i den revolusjonære religionens historie.

Såleis munna nihilismen – som var uløyseleg knytta til eit religiøst vonbrot – ut i terrorisme. Desse unge menneska prøvde



Etter mordet på Alexander II vart leiaren, Sofia Perovskaya, hengd saman med dei andre terroristane som hadde vore med på mordet.






å bryte seg veg ut av motseiingane og skape dei verdiane dei mangla i eit univers av total fornektning, ved hjelp av bombe og revolver, men også ved det motet dei gjekk til galgen med. Før dei hadde menneske gått i døden for det dei visste eller meinte å vite. Etter dei vart det vanleg å ofre seg for eit eller anna ein ikkje visste noko om, berre at ein måtte døy om det skulle bli røyndom. Det er vanskelegare. Tidlegare hadde dei som skulle døy appellert til Gud snarare enn til menneska si rettferd. Men når ein les dei dødsdømde sine erklæringar frå denne perioden, er det forbløffande å oppdage at alle utan unntak appellerer sine domarars dom til den rettferda som skal bli framtida sine menneske til del. I mangel av absolutte verdiar vart desse framtidige menneske deira siste tilfulkt. Framtida er den einaste transcendens for menneske utan Gud. Terroristane ville utvilsamt først og fremst øydeleggje, få eineveldet til å vakle

ved hjelp av eit bombesjokk. Men om ikkje med anna, så ville dei med sin død kjempe for å gjenopprette eit fellesskap av rettferd og kjærleik og såleis ta på seg ei oppgåve som kyrkja hadde svike. I røynda ville terroristane skape ei kyrkje der den nye Gud ein dag skulle stå fram.

— — —

Dei var menneske med fordringar. Dei var dei siste i opprøret si historie som ikkje fornekta noko i sine vilkår, eller i det drama dei var med i. Dei levde i terroren, dei «trudde på terroren», men dei var alltid uroa av terroren. Det finst få døme i historia på fanatikarar som hadde skruplar midt i kampståket. Men desse menneska av året 1905 hadde alltid tvil i overflod. Den største hyllest ein kan gi dei, er å seie at vi i dag ikkje ville kunne stille eit einaste spørsmål som dei ikkje også stilte og delvis svara på med livet sitt eller med sin død.



Denne vesle gruppa menn og kvinner som heldt saman midt i det russiske folkehavet, vel bøddelhandverket, som ikkje noko forutbestemte dei til. Dei lever alle på det same paradokset, sameiner respekten for menneskelivet generelt med forakt for deira eige, ei forakt som går så langt som til ein lengsel etter å ofre det.

— — —

Samstundes rørte desse bødlane, som så fullstendig sette sine eigne liv på spel, berre etter mange samviitskvalar ved andre sine liv. Attentatet mot storfyrst Sergei var mislykka første gongen, fordi Kaliayev med alle kameratane sitt samtykke nekta å drepe dei barna som var i storfyrstens vogn.

— — —

Ei så stor sjølvforakt, saman med ei så djup omsorg for andre sine liv, gir oss lov til å tru at desse kjensleware morderane har gjennomlevd opprørrets dilemma i heile si indre spenning. Ein må tenkje seg at også dei, trass i at dei vedkjende seg vald som uunngåeleg, vedgjekk at vald ikkje har livsens rett. Nødvendig og utan tilgjeving — såleis var deira syn på mord. Lunkne hjarte kan under oppgjeret med dette fryktelege problemet finne ro ved å gløyme det eine av alternativa. Dei er nøgde med, ut frå formelle prinsipp, å finne all direkte vald utilgjeveleg og gir dermed fritt spelrom for den alle stader nærverande vald, som etter ein høgare skala pregar heile verdshistoria. Eller dei trøystar seg, med augo på historia, med den tanken at vald er nødvendig, og myrdar laus, inntil dei har forvandla historia til ei einaste lang valdtekt mot det i mennesket som reiser seg mot det urettferdige. Her ser ein den noverande nihilismen sine to andlet, det borgarlege og det revolusjonære.

— — —

Men dei høgspende hjarte... gløynde ingenting. Da dei ikkje kunne rettferdiggjere det dei meinte var nødvendig, kom dei på den tanken å rettferdiggjere det med sine eigne liv og ofre seg sjølv som eit svar på det spørsmålet dei hadde stilt seg.

For dei, som for alle opprørarar før dei, fall mord og sjølv-mord saman. Eit liv vert betalt med eit anna, og ut av desse to ofra veks lovnaden om ein verdi. Kaliayev, Voinarovskij og dei andre har tru på at alle liv er like mykje verd. Dei sette følgjelig ingen verdi over menneskelivet, jamvel om dei drap for idéane si skuld. Ein uttrykk seg nøyaktig om ein seier at dei levde på høgd med idéen. Dei rettferdiggjer han endeleg ved å personleggjere han inntil døden. Vi står nok ein gong framfor ei om ikkje religiøs, så i alle fall metafysisk tolking av opprøret. Det vil seinare kome andre menneske som er oppfylte av den same fortærande trua, men som oppfattar desse metodane som sentimentale og som ikkje vil vedgå at eit liv er like mykje verd som eit anna.

Opprørarane av 1905 har lært oss, der dei står ved si grense, medan bombene eks-

ploderer ikring dei, at opprøret ikkje utan å oppgi seg sjølv, kan føre til dogmatikken si trøyst og lette. Deira einaste udiskutable siger er at dei har triumferert over einsemd og fornektning. Med utgangspunkt i ei verd som dei fornektar, og som fornektar dei, søkjer dei som alle store hjarte på nytt å opprette brorskap mellom menneske. Deira innbyrdes kjærleik er deira lykke heilt inn i tukthusets elende; det omfattar den veldige massen av underkua og tagale brør og syner målet for deira liding og von. For å tene denne kjærleiken måtte dei drepe; for å hevde uskulda sitt herredøme måtte dei akseptere ei viss skuld. Einsemd og riddarleg framferd, vonløyse og von er motsetnader som ein berre kan overvinne ved å akseptere døden.

Det verkeleg karakteristiske for dei revolusjonære i det 20. hundreåret er at dei stiller revolusjonen og menneska si kyrkje



«DEN BLODIGE SØNDAGEN»




i 1905 opna med ein streik i hovudstaden. Ei folkemasse marsjerte mot Vinterpalasset for åleggje arbeidarane sine krav fram for tsaren. Troppane fekk ordre om å skyte og drap mange.



Terroristane sitt svar på «Den blodige søndagen» var mordet på storfyrst Sergej den 17. februar 1905. Sergej var guvernør i Moskva og hata overalt.

over seg sjølve og såleis villig let seg fornødrast. For Kaliayev derimot var revolusjonen eit nødvendig middel, ikkje eit tilstrekkjeleg mål. Samstundes opphøgde han mennesket i staden for å fornødre det . . . For han var det ikkje nok å synast. Sjølv om han hadde blitt godkjend av heile verda, ville det likevel ha vore tvil attende hos Kaliayev: han måtte godkjenne seg sjølv . . . Kaliayev tvila til det siste, men denne tvilen hindra han ikkje i å handle; dermed står han som inkarnasjonen av ein opprørar. Går ein med på å døy, å betale liv med liv, da spelar det inga rolle kva ein fornektar — ein hevdar likevel eksistensen av ein verdi som står over det historiske individ. Kaliayev vigde livet sitt til historia og heva seg i dødsstunda over historia. På eit vis sette han seg sjølv over henne. Men denne mannen som drep utan nøling — kva vil han helst: drepe utan nøling eller gi liv til ein verdi? Det finst ingen tvil om svaret. Kaliayev og brørne hans sigra over nihilismen.

(Utdrag frå «Opprøraren»  
av Albert Camus.)



Boris Savinkov var ein hovudmann i «Kamporganisasjonen». I boka «Ein terrorists memoarar» fortel han om nett den gruppa som Camus bygde sitt drama over. Vi har saksa nokre avsnitt frå Savinkov som dei er gjengjevne i Hans Magnus Enzenbergers bok «Politikk og forbrytelse».

«Den tagale, smålåtne, blyge Dora Brilliant levde berre for ei sak – for si tru på terroren. Ho elska revolusjonen. Ho pinte seg sjølv for det minste mistak. Ho skjøna at det var nødvendig å drepe Plehve, men ho frykta sjølve mordet. Ho kunne ikkje forsone seg med blod. Det fall lettare for henne å døy enn å myrde. Og likevel bad ho oss om att og om att om å gje henne ei bombe og tillate henne å ta del i attentatet som bombekastar. Ho ville ikkje overlata til dei andre det ho meinte var det vanskelegaste, det ville ha vore det same som å skilje seg frå kameratane. Ho såg det som si plikt å trå over terskelen til direkte deltaking i handlinga: Terroren fekk i hennar auge farge ved det terroristen sjølv ofrar.»

«Han (Kaliayev) budde i ein avkrok i utkanten av byen, på eit værelse saman med fem andre menn, og førte eit liv som på alle måtar stemde overeins med ein omflakkande kremmar sitt levevis. Han tillét seg sjølv ikkje det minste avvik. Han stod opp klokka seks om morgonen og var på gata frå klokka åtte til langt på natt. Hos vertfolket fekk han snart ry for å vere ein from, fråhalden og dyktig mann. Dei tenkte sjølvsagt ikkje på, sjølv i draume, å tenkje seg han som revolusjonær . . . Han hadde sin eigen teori om Plehves utfartar. På grunnlag av dei minste teikn på gata – talet på Okhrana-folk, politiet, løytnantane og vaktmeisteren sin utsjånad, drog Kaliayev den rette slutninga, om Plehve allereide hadde køyrt denne gata eller om han ville kome. Han kjende ikkje berre høgd og breidde på vogna, men skildra også fotbrettet, dørhandtaket, seletyet, lykta, bokken, akslane, vindauga . . . Han kjende alle ministerspionane og kunne skilje dei ut i mengda utan å ta feil.»

«Da eg kom til smedebroa hørde eg ein fjern, dump lyd. Eg tenkte ikkje over han, så lite likna lyden på ein eksplosjon. I konditoriet møtte eg Dora Brilliant. Vi gjekk bortover mot Kreml. Ved den iberiske Madonna kom ein gategut springande mot oss og brølte: «Storfyrsten er drepen! Hovudet er rive av han!» Folk sprang mot Kreml. Dora og eg vart ståande. Dora lente seg mot meg og tok til å hulke. Ho var ikkje i stand til å halde tårene attende. Heile kroppen hennar rista av den dumpe hulkinga. Eg freista roe henne. Ho tok opp att heile tida: «Vi har slått han ihel . . . Eg har slått han ihel . . . eg . . .» «Kven?», spurde eg, for eg trudde ho tala om Kaliayev. «Storfyrsten!»

Brev frå Kaliayev til vennane, den 20. mars 1905:

«Stikk imot føremålet mitt, er eg framleis i live. Eg kasta bomba på fire skritts avstand, i ein direkte konfrontasjon. Eg vart teken av lufttrykket frå eksplosjonen, såg korleis vogna vart sprengd. Eg kan enno sjå for meg korleis røyk og tresplintar vart slynga like opp i andletet mitt, korleis lua vart riven av meg. Fem skritt foran meg såg eg storfyrsten sine isundrivne klede og den blotta kroppen hans. Jakka mi var forbrend. Eg såg meg ikring. Det var ikkje eitt menneske i nærleiken. Eg gjekk. I same augneblinken hørde eg einkvan rope bak meg: «Stans han! Stans han!» Spion-sleden heldt på å kjøre over meg. Eg sette meg ikkje til motværje. «Sjå etter om han har ein revolver», stotra Okhrana-mennesket skjelvande. «Gudskjelov, gudskjelov, at vi slapp unna.» – Det gjorde meg vondt at eg ikkje kunne fyre av ei kule mot den religiøse feiging. «Kvifor held de på meg», sa eg, «eg spring ikkje min veg, eg har gjort det eg skulle . . .» Vi køyrde i ei drosje gjennom Kreml, og eg kjende det som om eg måtte skrike: «Ned med den forbanna tsaren, leve fridomen, ned med den forbanna regjeringa!»

#### **HOVUDSCENEN:**

«**Song of Sølvi**» — ein musikalsk revy. Orkester under leiing av Egil Monn Iversen. På Hovudscenen. Première 3. februar.

«**Hair**» — gjestespel frå Shaftesbury Theatre, London. Première 18. februar.

«**Bernardas hus**» av Garcia Lorca. Regi: Elisabeth Bang. Scenografi: Arne Walentin. Première primo mars.

«**Zorba**» av Joseph Stein/John Kander/Fred Ebb. Regi: Rikki Septimus. Scenografi: Arne Walentin. Première ultimo mars.

#### **SCENE 2:**

«**Dei rettferdige**» av Albert Camus. Regi: Kjetil Bang-Hansen. Scenografi: Gunnar Alme. Première 16. januar.

#### **FOR BARN:**

«**Taremareby**» av Ingebrigt Davik/Asbjørn Toms. Regi: Asbjørn Toms. Scenografi: Snorre Tindberg. Première 30. januar.





